



Innkalling
av
Eldrerådet

Møtedato: 12.06.2018
Møtestad: Formannskapssalen, rådhuset
Møtetid: 10.00 - 13.00

Eventuelle forfall må meldast til epost: Nora.Gjerde@lindas.kommune.no eller
tlf 56 37 51 63/95 85 11 71

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Merknader:

Sak 020/18 Høyring - Utviklingsplan, Helse Bergen - VERT ETTERSENDT

Sak 021/18 Høyring - Prehospital plan Helse Bergen - VERT ETTERSENDT

Sakliste

Saknr	Tittel
016/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
017/18	Godkjenning av møteprotokoll – 24.04.2018
018/18	Økonomiplan 2019-2022
019/18	Melding/orientering til eldrerådet 12.06.2018

31. mai 2018

Terje Fjellanger
møteleiar

Nora Gjerde
møtesekretær

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
016/18	Eldrerådet	PS	12.06.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Nora Gjerde	18/1633

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent

Saksopplysningar:

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
017/18	Eldrerådet	PS	12.06.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Nora Gjerde	18/1633

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg:

Protokoll - ER - 24.04.2018

Møteprotokollen vert godkjent

Saksopplysningar:

Møteprotokoll for Eldrerådet

Møtedato: 24.04.2018
Møtestad: Formannskapssalen, rådhuset
Møtetid: 10:00 - 12:00

Orienteringar:

-Heildøgns omsorgsplassar for eldre v/Leni Dale-kommunalsjef helse og omsorg

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Anna K.Valle	SP	Medlem
Alf Sætran		Medlem
Magnhild Marie Haugen		Nestleiar
Terje Fjellanger		Utvallsleiar

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Vendla Urdal		Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
Kirsten Fjellanger		Vendla Urdal

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Astrid Aarhus Byrknes-ordførar, Christian H. Reinshol-rådgjevar plan, Frøydis Ones-avdelingsleiar plan, Leni Dale-kommunalsjef, Tove Mette Arnø Fyllingen-sekretær

Sakliste

Saknr	Tittel
009/18	Godkjenning av innkalling og sakliste
010/18	Godkjenning av møteprotokoll
011/18	1. gangs handsaming av reguleringsplan E39 Mundalsberget bomstasjon, plan-id 1263-201801
012/18	1. gangs handsaming av reguleringsplan Alver næringsområde sør, plan-id 1263-201601
013/18	Alversund områdeplan til første gongs offentleg ettersyn og høyring
014/18	Søknad om økonomisk støtte til eldredagen 2018
015/18	Melding/orientering til eldrerådet 24.04.2017

009/18: Godkjenning av innkalling og saksliste

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

24.04.2018 ELDRERÅDET

Ingen merknader, samrøystes.

ER - 009/18 VEDTAK:

Innkalling og saksliste er godkjent

010/18: Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent

24.04.2018 ELDRERÅDET

Ingen merknader, samrøystes.

ER - 010/18 VEDTAK:

Møteprotokollen vert godkjent

011/18: 1. gangs handsaming av reguleringsplan E39 Mundalsberget bomstasjon, plan-id 1263-201801

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for E39 Mundalsberget bomstasjon, plan-id 1263-201801, ut til høyring og offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

1. Ny § 4.2.1: Krav til sikring. Naudsynt fjellsikring skal gjennomførast før det vert sett i gang arbeid med etablering av galge for bomstasjonen. Gjerde skal etablerast før tilkomststi til tekniske anlegg for bomstasjonen vert teken i bruk.

21.03.2018 Plan- og miljøutvalet

Rådmannens framlegg vart samrøystes vedteke.

PM - 045/18 UTTALE:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for E39 Mundalsberget bomstasjon, plan-id 1263-201801, ut til høyring og offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

1. Ny § 4.2.1: Krav til sikring. Naudsynt fjellsikring skal gjennomførast før det vert sett i gang arbeid med etablering av galge for bomstasjonen. Gjerde skal etablerast før tilkomststi til tekniske anlegg for bomstasjonen vert teken i bruk.

23.04.2018 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Orientering til saka v/Christian Reinshol-rådgjevar Plan

Ingen merknader, samrøystes.

RMNF - 017/18 UTTALE:

Ingen merknader.

24.04.2018 ELDRERÅDET

Anna K.Valle er ugild i denne saka og deltok difor ikkje under handsaminga,

Eldrerådet har ingen merknader til planen.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

ER - 011/18 UTTALE:

Eldrerådet har ingen merknader til planen.

24.04.2018 Levekårsutvalet

Vara Anna K. Valle-Sp sa seg ugild i handsaming av denne saka.

Ingen merknader, samrøystes.

LE - 021/18 UTTALE:

Ingen merknader.

012/18: 1. gangs handsaming av reguleringsplan Alver næringsområde sør, plan-id 1263-201601

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Alver næringsområde sør, plan-ID 1263-201601, ut til høyring og offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

1. Endre § 2.2 til å omfatte alle bygge- og anleggstiltak innanfor planområdet og ta ut kulepunkt 2 knytt til at 10 nye parkeringsplassar kan etablerast før Alvervegen må vere ferdig utbetra.
2. Byggegrenser mot tilstøytande reguleringsplan i vest som ikkje er knytt til køyreveg vert fjerna. Byggegrenser mellom BN1 og BN2 som ikkje er knytt til veg vert fjerna.
3. Planskildring og føresegner vert retta opp i samsvar med saksutgreiinga.

07.03.2018 Plan- og miljøutvalet

K. Vågstøl-H sa seg ugild grunna kundeforhold og gjekk difor frå under handsaming av denne saka.

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke mot 2 røyster (S. Hauge-Ap, H. Brunborg-Ap)

Endringsframlegg frå Sæbjørg H. Kjeka-Krf:

§ 8.1 Innanfor #1 skal det, etter plan godkjent av rett fagmynde, etablerast framtidig veg vidare inn i BN3 og/eller til Galteråsen.

Ved prosjektering av veg innanfor #1 gjennom LNF-området/planområdet, skal tursti sikrast planfri

kryssing av veggen.

Framlegget vart vedteke mot 2 røyster (S. Hauge-Ap, H. Brunborg-Ap)

PM - 035/18 VEDTAK:

I medhald av plan- og bygningslova § 12-10, vedtek plan- og miljøutvalet å legge reguleringsplan for Alver næringsområde sør, plan-ID 1263-201601, ut til høyring og offentleg ettersyn på følgjande vilkår:

1. Endre § 2.2 til å omfatte alle bygge- og anleggstiltak innanfor planområdet og ta ut kulepunkt 2 knytt til at 10 nye parkeringsplassar kan etablerast før Alvervegen må vere ferdig utbetra.
2. Byggegrenser mot tilstøytande reguleringsplan i vest som ikkje er knytt til køyreveg vert fjerna. Byggegrenser mellom BN1 og BN2 som ikkje er knytt til veg vert fjerna.
3. Planskildring og føresegner vert retta opp i samsvar med saksutgreiinga.

§ 8.1 Innanfor #1 skal det, etter plan godkjent av rett fagmynde, etablerast framtidig veg vidare inn i BN3 og/eller til Galteråsen.

Ved prosjektering av veg innanfor #1 gjennom LNF-området/planområdet, skal tursti sikrast planfri kryssing av veggen.

23.04.2018 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Orientering til saka v/Christian Reinshol-rådgjevar Plan

RMNF meiner at det bør vera fortau og mogeleg for rullestolbrukarar (som arbeidstakarar) å koma fram til dette området. Det må sikrast framtidig kopling for gang- og sykkelveg til Galteråsen.

RMNF - 016/18 UTTALE:

RMNF meiner at det bør vera fortau og mogeleg for rullestolbrukarar (som arbeidstakarar) å koma fram til dette området. Det må sikrast framtidig kopling for gang- og sykkelveg til Galteråsen.

24.04.2018 ELDRERÅDET

Ingen merknader, samrøystes.

ER - 012/18 UTTALE:

Ingen merknader.

24.04.2018 Levekårsutvalet

Orientering til saka v/Christian Reinshol-rådgjevar Plan

Fellesframlegg:

- Levekårsutvalet er bekymra for auka trafikk, og med tyngre kjøretøy, i krysset ved hovedveg (fylkesveg).
- Det må sikrast at veg til området i framtida går via Galteråsen, då med fortau.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

LE - 022/18 VEDTAK/INNSTILLING/UTTALE:

-Levekårsutvalet er bekymra for auka trafikk, og med tyngre kjøretøy, i krysset ved hovedveg (fylkesveg).

-Det må sikrast at veg til området i framtida går via Galteråsen, då med fortau.

013/18: Alversund områdeplan til første gongs offentleg ettersyn og høyring

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

23.04.2018 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne

Orientering til saka v/Frøydis Ones-avdelingsleiar Plan

Ingen merknader, samrøystes.

RMNF - 018/18 UTTALE:

Ingen merknader.

24.04.2018 ELDRERÅDET

Framlegg:

Område B1, regulert til bustad, eignar seg til seniorbustader.

Ellers ingen merknader. Samrøystes.

ER - 013/18 UTTALE:

Område B1, regulert til bustad, eignar seg til seniorbustader. Ellers ingen merknader.

24.04.2018 Levekårsutvalet

Orientering til saka v/Frøydis Ones-avdelingsleiar Plan

Ingen merknader, samrøystes.

LE - 023/18 UTTALE:

Ingen merknader.

014/18: Søknad om økonomisk støtte til eldredagen 2018

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak

24.04.2018 ELDRERÅDET

Framlegg:

Søknaden vert innvilga, eldredagen 2018 får kr. 15 000,- i økonomisk støtte.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

ER - 014/18 VEDTAK:

Søknaden vert innvilga, eldredagen 2018 får kr. 15 000,- i økonomisk støtte.

015/18: Melding/orientering til eldrerådet 24.04.2017

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Meldinga vert teke til orientering.

24.04.2018 ELDRERÅDET

Eldrerådet (ved ordfører) bed om at skyss kommer og orienterer i eldrerådet i første møte etter ferien. Sjekke når rutetider vert fastsett med tanke på orienteringa.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

ER - 015/18 VEDTAK:

Meldinga er teke til orientering.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
	Administrasjonsutvalet	PS	
	Arbeidsmiljøutvalet	PS	
018/18	Eldrerådet	PS	12.06.2018
024/18	Råd for menneske med nedsett funksjonsevne	PS	11.06.2018
	Ungdomsrådet	PS	
	Levekårsutvalet	PS	
	Formannskapet	PS	
	Kommunestyret	PS	

Saksbehandlar	ArkivsakID
Janne Sund	18/1664

Økonomiplan 2019-2022

Vedlegg:

Økonomiplan 2019 - 2022

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Investeringsbudsjettet for 2019 blir vedteke i samsvar med oppsettet i eigen tabell. Rådmannen skal justere investeringsbudsjettet for 2019 i samsvar med forventta framdrift på prosjekta som pågår i 2018 når budsjettvedtaket for 2019 fattast av kommunestyret i desember 2018.

Økonomiplan for 2019-2022 og rammer for 2019 vert vedteke, jfr eigen tabell. Det endelege budsjettvedtaket for 2019 med korrekt ramme for ordinært rammetilskot og rammer for tenesteområda inkludert lønns – og prisstigning vert vedteken av kommunestyret i desember 2018.

.....

Saksopplysningar:

Saka skal til uttale i arbeidsmiljøutvalet, administrasjonsutvalet, eldreråd, råd for menneske med nedsett funksjonsevne, ungdomsråd og levekårsutvalet.

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

.....



LINDÅS KOMMUNE

ØKONOMIPLAN 2019 - 2020

FRAMLEGG FRÅ RÅDMANNEN 23. MAI 2018



DER DRØMMAR BLIR RØYNDOM



Innhold

Framlegg til vedtak	3
Rådmannen sine vurderingar og prioriteringar for økonomiplan 2019 – 2022	3
Manglar økonomisk handlingsrom – endre framdrift i investeringsbudsjettet.....	3
Med blikket mot Alver kommune	3
Siste året som Lindås kommune.....	4
Økonomiplanarbeid fram mot Alver kommune.....	4
Disponible inntekter, skjema 1A:.....	5
Netto driftsresultat, korrigert.....	6
Netto driftsrammer tenesteområda.....	7
Kostnadsreduksjon i driftsrammene	7
Detaljert oversikt over budsjetterte innsparingar og moglege tiltak:.....	8
Strategiske prioriteringar	10
Oversyn over konsekvensjustert budsjett:.....	10
Investeringsbudsjett	12

Framlegg til vedtak

1. Investeringsbudsjettet for 2019 blir vedteke i samsvar med oppsettet i eigen tabell. Rådmannen skal justere investeringsbudsjettet for 2019 i samsvar med forventa framdrift på prosjekta som pågår i 2018 når budsjettvedtaket for 2019 fattast av kommunestyret i desember 2018.
2. Økonomiplan for 2019-2022 og rammer for 2019 vert vedteke, jfr eigen tabell. Det endelege budsjettvedtaket for 2019 med korrekt ramme for ordinært rammetilskot og rammer for tenesteområda inkludert lønns – og prisstigning vert vedteken av kommunestyret i desember 2018.

Rådmannen sine vurderingar og prioriteringar for økonomiplan 2019 – 2022

Manglar økonomisk handlingsrom – endre framdrift i investeringsbudsjettet

Lindås kommune har dei siste åra hatt ein offensiv utviklingsstrategi knytt til utvikling av tenester, organisasjon og samfunn. Hovudmålet er å ha eit økonomisk handlingsrom til å investere i strategisk prioriterte tenester og attraktiv samfunnsutvikling. Nøkkelen til eit slikt handlingsrom er riktig balanse mellom driftsnivå og investeringar. For å kunne gjennomføre eit ambisiøst investeringsbudsjett, blir det lagt inn årlege innsparingstiltak i drifta. I vedtatt økonomiplan (2018 – 2021) ligg det inne innsparingstiltak på totalt kr 62 mill i perioden. Det er avgjerande å klare innsparingsmåla for å få ein økonomiplan i balanse.

Det er dei politiske vedtaka som ligg til grunn når rådmannen utarbeider sitt framlegg til økonomiplan. I arbeidet med økonomiplanen 2019 – 2022 er det kome fram fleire faktorar som gjer at det er utfordrande å skape det økonomiske handlingsrommet som trengs for å kome i balanse. Dette gjeld mellom anna:

- Prognosen for renteutvikling har endra seg, det er forventa høgare renteutvikling i økonomiplanperioden. For å kunne handtere ei eventuell renteauke, med den gjeldsutviklinga det er lagt opp til gjennom investeringane, må kommunen legge inn ytterligere innsparingstiltak i drifta.
- Innan pleie og omsorg er det identifisert fleire tiltak som vil bidra til auka driftskostnader dei neste åra.

Desse faktorane vil krevje ytterligere innsparingstiltak i økonomiplanperioden, og det er avgjerande å gjennomføre innsparingstiltaka for å finansiere renter og avdrag på den aukande gjelden frå vedtatt i investeringsbudsjett. Slik rådmannen ser det, vil det vere særskilt krevjande å kunne gjennomføre store nok innsparingar for å kunne finansiere alle dei planlagde investeringane. For å sikre økonomisk handlingsrom og ein økonomiplan i balanse, legg rådmannen fram ein økonomiplan med både auka innsparingar og eit investeringsbudsjett med endra framdrift. Rådmannen foreslår følgjande endringar i investeringsbudsjettet 2019 - 2022:

- Flytte oppstart av prosjektet hall på Ostereidet frå 2019 til 2022
- Flytte oppstart av ny barnehage på Lindås frå 2019 til 2022

Med blikket mot Alver kommune

Arbeidet med å bygge Alver kommune er starta, og i denne byggeprosessen ønskjer rådmannen å ta med seg dei hovudmåla som har vore grunnlaget for utviklinga i Lindås dei seinare åra:

- Skape eit økonomisk handlingsrom til å investere i strategisk prioriterte tenester og attraktiv samfunnsutvikling
- Sikre god styring og kvalitet i tenesteproduksjonen
- Utvikle effektive og moderne arbeidsprosesser som har meirverdi for kunde og brukarar

Det er intensjonsavtalen som legg grunnlaget for korleis den nye kommunen skal utvikle seg, og mange av dei strategiske satsingsområda som har vore sentrale i Lindås vil også vere aktuelle inn i Alver kommune. Dette gjeld mellom anna:

- Utvikle eit plansystem som sikrar ein «raud tråd» mellom overordna planar, økonomiske prioriteringar og verksemdsplanar ute i organisasjonen
- Utvikle Mongstad som industriområde og Knarvik som regionsenter

- Utvikle ein kultur for kundeorientert forvaltning og god kundeservice
- Digitalisering av tenester

Siste året som Lindås kommune

I det siste året som Lindås kommune vil naturleg nok arbeidet med Alver kommune ha stort fokus i organisasjonen. Men det er også viktig å avvikle Lindås kommune på ein god og forsvarlig måte, og sikre at politiske vedtak blir fulgt opp. Dette gjeld mellom anna å ferdigstille planarbeid som ligg i planstrategien og starte opp prosjekt som ligg i investeringsbudsjettet. Alt utviklingsarbeid i organisasjonen, som tidlegare har lagt under utviklingsprogrammet Lindås 2019, vil bli retta inn mot behov som gjeld for Alver kommune.

Økonomiplanarbeid fram mot Alver kommune

I 2020 er Lindås, Radøy og Meland kommune slått saman til Alver kommune. Tala for 2020 – 2022 i økonomiplanane i dei tre kommunene representerer derfor ein tenkt situasjon der kvar kommune held fram som sjølvstendig kommune. Dette fører til at ein del tal, til dømes for eigedomsskatt som er budsjettet i Meland og Radøy, ikkje er realistiske. Økonomiplanane er likevel i samsvar med kommunelova. Tilsvarende er til dømes kostnadene til politisk nivå heller ikkje realistiske. Ved konsolidering av økonomiplanane for Lindås Meland og Radøy til Alver, vert det korrigert for slike «urealistiske» tal.

Fellesnemnda gav i møte 15.01.2018 følgjande uttale om arbeidet med økonomiplanen:

- Fellesnemnda meiner at kommunane sine investeringar i perioden fram til 2020 er i samsvar med dei avtalte målsetjingane for den nye kommunen
- Fellesnemnda meiner at dei vedtekte investeringane fram til 2020 er i samsvar med framtidige behov for tenester og at investeringane er på eit økonomisk forsvarleg nivå for den nye kommunen.
- Fellesnemnda ønskjer at kommunane bruker felles og like føresetnader for økonomiplanarbeidet for 2019-2022. Dette gjeld mellom anna folketalsvekst, renteutvikling og eigedomsskatt frå 2020.
- Fellesnemnda ønskjer at kommunane i størst mogleg grad koordinerer arbeidet med økonomiplanane med omsyn på:
 - Investeringar og behov i Alver kommune
 - Gebyr- og betalingssatsar
 - Fellesnemnda ønskjer at kommunane avgrensar bruken av uspesifiserte innsparingar.

Rådmennene i Lindås, Meland og Radøy har samkjørt føresetnadene for økonomiplanen så langt det let seg gjera. Dette inneber:

- Folketalsvekst vert føresett å følgja landsnivå. Mogelege avvik skal gå direkte fram av kvar kommune sin økonomiplan.
- Framtidig rentenivå er det same i dei tre kommunane, og i samsvar med Kommunalbanken sitt framlegg til førebels budsjettrente av 7. mai 2018
- Avdragsprofilane i kommunane er ikkje like. Radøy følgjer fylkesmannen sitt tilrådde nivå på 3,5%, Lindås nyttar 30 års nedbetalingstid (tilsvarer 5,5%, og er dermed over det tilrådde minstenivået). Meland nyttar minimumsberekening ved avdrag.
- Skatt og rammetilskot er basert på siste utgåve av KS sin modell for utrekning av skatt og rammetilskot.
- Gebyrsatsane vert føresett vidareført for kvar kommune, med sitt utgangspunkt. Samordning av gebyr blir eit eige prosjekt.
- Eigedomsskatt vert vidareført med kvar kommune sine føresetnader for åra 20-22. For Meland og Radøy skal det gå fram av økonomiplanen kor stor del av eigedomsskatten som gjeld bustader.
- Det skal gå fram av økonomiplanen for kvar kommune kor store innsparingar som må til for å levera tilfredsstillande økonomisk resultat i økonomiplanperioden, dvs minst 1,7% netto driftsresultat. Kvar kommune arbeider vidare for å spesifisera aktuelle innsparingar på tenestenivå, fram til endeleg budsjetthandsaming.
- Konsolidering av økonomiplanane til ein plan for Alver vert gjort etter at kvar kommune har vedteke sin økonomiplan. Konsolidert økonomiplan for Alver skal vera klar før ordinær handsaming av budsjett for 2019 i kvar kommune.

Disponible inntekter, skjema 1A:

Skjema 1A – driftsbudsjett, er utarbeidd med utgangspunkt i ein vidareføring av dei frie disponible inntektene i 2018. Det vil seie at inntektene er oppgitt i 2018-kroner, og tillegg for lønns- og prisauke kjem når nasjonalbudsjettet for 2018 ligg føre. Netto driftsutgifter for tenesteområda er også utarbeida i 2018-kroner, og reelt budsjett inkludert lønns – og prisstigning for 2019 vert utarbeida hausten 2018.

DRIFTSBUDSJETT	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Skatt på inntekt og formue	-396 271	-427 775	-427 775	-427 775	-427 775	-427 775
Ordinært rammetilskot	-435 520	-412 804	-416 300	-415 641	-415 804	-415 804
Eigedomsskatt	-166 017	-167 470	-168 470	-164 470	-162 970	-159 970
Andre generelle statstilskot	-47 756	-43 953	-35 306	-36 398	-19 393	-19 393
Konsesjonskraft, avgift	-170	-90	-90	-90	-90	-90
Frie disponible inntekter	-1 045 734	-1 052 092	-1 047 941	-1 044 374	-1 026 032	-1 023 032
Renteinntekter og utbytte	-24 196	-27 684	-29 440	-35 512	-37 168	-36 100
Renteutgifter	19 975	24 804	35 430	47 303	54 256	48 256
Avdragsinntekter (VA)	-4 249	-10 138	-12 483	-15 235	-16 358	-16 358
Avdrag på lån	40 527	58 086	60 954	66 290	67 673	64 839
Netto finansutgifter	32 057	45 068	54 461	62 846	68 403	60 637
Premieavvik pensjon	10 699	-20 494	-10 451			
Bruk av premiefond	-16 577	-19 397	-17 000	-15 000	-15 000	-8 000
Avsett til disposisjonsfond	68 567	33 080	27 090	3 978	613	10 204
Bruk overskot tidlegare år	-32 081					
Bruk av disposisjonsfond	-13 429	-2 115	-22 609			
Bruk av bundne fond						
Netto avsetningar	17 179	-8 926	-22 970	-11 022	-14 387	2 204
Overført til investeringsrekneskap 1)	31 379	31 379	31 379	31 379	29 945	33 520
Til fordeling drift	-965 119	-984 571	-985 071	-961 171	-942 071	-926 671
Motpost avskrivningar	-47 273	-45 474	-45 474	-45 474	-45 474	-45 474
Sum til fordeling drift	-1 012 392	-1 030 045	-1 030 545	-1 006 645	-987 545	-972 145
Netto driftsutgifter tenesteområda	998 327	1 030 045	1 030 545	1 006 645	987 545	972 145
Meirforbruk/mindreforbruk	-14 065	0	0	0	0	0
Avsetning til disp.fond uten premieavvik			-0,6 %	0,4 %	0,1 %	1,0 %

Auken i netto finansutgifter i økonomiplanperioden skuldast auka låneopptak som gjer høgare avdrag og rentebelastning. Det er lagt inn ein forventta renteauke i økonomiplanperioden, og prognosen for renteauke er per mai 2018 høgare for dei neste fire åra enn tidligare renteprognoser . Det er budsjettert med 2,1% i 2019, 2,5% i 2020 og 3,0% i 2021 og 2,83% i 2022. Det er stor usikkerhet knytt til renteutviklinga, og spesielt i åra etter økonomiplanperioden. En renteauke frå 2,8% til 3,8% på lånegjelda vi har i 2022 vil gje ei auka driftsbelastning på 14 mill. kr i året (tilsvarar om lag 22 årsverk).

Rådmannen legg opp til ein samla innsparing på 67 mill. kr i økonomiplanperioden i hovudsak for å kunne handtere auka avdrag og renter frå dei vedtekne investeringane. I tillegg gjeld 14 mill av innsparingane som er lagt inn i 2020 og 2021 auka drift innan pleie og omsorg i 2019.

Dersom renta aukar meir enn det som er lagt inn i økonomiplanperioden, må det gjennomførast fleire innsparingstiltak for å finansiera auka finansutgifter. Det er viktig å ha midlar avsett på disposisjonsfond til mellom anna å kunne dekke ei uventa renteauke på kort sikt.

Netto driftsresultat, korrigert

Netto driftsresultat:	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
Driftsinntekter	-1 440 918	-1 325 142	-1 320 991	-1 317 424	-1 299 082	-1 296 082
Netto driftsresultat	-107 112	-55 868	-29 384	-28 881	-24 082	-37 248
Netto driftsresultat i %	7,4 %	4,2 %	2,2 %	2,2 %	1,9 %	2,9 %
Korrigert netto driftsresultat						
Netto driftsresultat	-107 112	-55 868	-29 384	-28 881	-24 082	-37 248
Premieavvik	2 011	22 609	33 060			
Bruk av bundet fond	-11 174	-6 513	-6 513	-6 513	-6 513	-6 513
Bruk av disposisjonsfond	-15 804	-2 115	-22 609			
Avsetning til bundet fond	52 338	37	37	37	37	37
Korrigert netto driftsresultat	-79 741	-41 850	-25 409	-35 357	-30 558	-43 724
Korrigert netto driftsresultat	5,5 %	3,2 %	1,9 %	2,7 %	2,4 %	3,4 %

Det vert anbefalt at ein kommune skal ha eit netto driftsresultat på over 1,7%. Grunna dei høge inntektene frå eigedomsskatt på verk og bruk i Lindås kommune, er det anbefalt at netto driftsresultat i Lindås kommune er høgare enn den generelle anbefalinga. Dette for å kunne handtere kortsiktige uventa rente- og driftsendingar.

Netto driftsrammer tenesteområda

Det vert gjort framlegg om følgjande rammor for dei ulike tenesteområda:

Tenesteområda sine netto driftsutgifter	Rekneskap 2017	Budsjett 2018	Budsjett 2019	Budsjett 2020	Budsjett 2021	Budsjett 2022
1 Politisk styring	22 021	23 550	24 050	23 550	24 050	23 550
2 Administrativ styring, støttefunksj.	54 779	72 572	70 072	70 072	60 072	60 072
3 Oppvekst	377 604	411 909	406 009	402 709	402 709	400 109
4 Pleie og omsorg	260 198	265 466	279 966	272 466	261 766	249 466
5 Helse og sosial	84 389	98 578	99 578	86 978	86 578	86 578
6 Samfunnsutvikling og kommunalteknikk	149 488	157 970	150 870	150 870	152 370	152 370
Sum tenesteområda	948 479	1 030 045	1 030 545	1 006 645	987 545	972 145

Rådmannen har tatt utgangspunkt i vedtekne rammor for 2018, konsekvensjustert budsjett, justert prosjektportefølje og planlagde innsparingar når rammene for 2019 – 2022 for dei ulike tenesteområda er utarbeidd.

Kostnadsreduksjon i driftsrammene

Skal Lindås kommune ha eit økonomisk handlingsrom til å utvikle tenestene og investere i attraktiv samfunnsutvikling og å handtere auka rente- og avdragskostnader, er det avgjerande med årlege innsparingar på driftsramma.

Basert på prosjektporteføljen i Lindås 2019 og innsparingsprosjektar som har kome i tillegg, har rådmannen innarbeidd følgjande kostnadsreduksjonar i rammene i dei ulike åra i økonomiplanperioden:

Alle tall i millioner nok	Nye tiltak i 2019	Total årseffekt	Nye tiltak i 2020	Total akkumulert årseffekt	Nye tiltak i 2021	Total akkumulert årseffekt	Nye tiltak i 2022	Total akkumulert årseffekt
Tenesteområde								
Uspesifisert					10,0	10,0		10,0
Administrasjon, styring og støttefunksjonar	2,5	2,5		2,5		2,5		2,5
Oppvekst	6,0	6,0	3,3	9,3		9,3	2,6	11,9
Pleie og omsorg			8,3	8,3	10,7	19,0	12,3	31,3
Helse og sosial	0,1	0,1	0,3	0,4	0,4	0,8		0,8
Samfunnsutvikling og kommunalteknikk	7,1	7,1	2,3	9,4	1,2	10,6		10,6
Sum	15,7	15,7	14,2	29,9	22,3	52,2	14,9	67,1

*alle tal i mill. nok (positive tall i denne tabellen betyr behov for lågare ramme)

Det er lagt inn nye innsparingar innan pleie og omsorg på til saman 14 mill. kr i 2020 og 2021 samanlikna med innsparingane som er konkretisert og kommunisert i formannskapsmøta i april og mai. I tillegg er det lagt inn uspesifisert innsparing på 10 mill. kr i 2021. Rådmannen vil starte arbeidet med å konkretisere både tiltak og konsekvensar for dei nye innsparingane fram mot budsjettvedtaket for 2019. Behovet for auka innsparingar kjem som ein konsekvens av høgare rentebelastning og auka driftsutgifter innan pleie og omsorg i 2018.

Oversyn over konkrete innsparingstiltak følgjer under.

Detaljert oversikt over budsjetterte innsparingar og moglege tiltak:

Pri	Teneste	2019	2020	2021	2022	Tiltak	Konsekvens
1	Eigedom	2,1	0,2	0,2		Effektivisere eigedomsdrifta (reduisert vikarbudsjett, reduserte driftskostandar, auka inntekter på utleigebustadar, effektivisere brøyting og strøying, avhende bygg ein ikkje nyttar, unngå leige av bygg)	Det er sett på ei rekke effektiviserings tiltak på eigedom som samla sett kan gi ei innsparing. Dette er tiltak kor ein ser både på reduserte kostnader og på auka inntekter. Konsekvensen er at eigedomsføringa får meir effektiv drift og reduserte kostnader.
1	Eigedom	1,4	0,5			Innsparing ledige stillingar interkommunalt byggetilsyn og landbruk	Det blir ikkje lyst ut stilling som ny einingsleiar før vi blir Alver kommune. Dette blir ordna internt. Det blir ikkje tilsett i ledig stilling som gartner, det blir sett på andre ordningar som skal sikre behovet for grønt arbeid. Reinhald skal vurderer måten dei jobbar på og kunne spare inn eit årsverk. Dette må vi også vurdere opp mot frekvens på reinhald på ulike kommunale bygg.
1	Arealforvaltning	0,7	0,4			Senke nivået på kulturmiljø - tilpasse til dei andre kommunane som skal inn i Alver. Ikkje tilsette ved naturlig avgang på kulturskule (pensjon)	Vi må gjennomføre fleire tilsyn sjølv på byggesak. Uklart om det er kapasitet. Nytt tilsyn vil bli bygd opp i Alver kommune. På landbruk vil vi bruke samarbeid med Radøy til å løse evt. utfordringar fram til vi er Alver kommune.
2	Kultur	0,3	0,3	1,0		Føre ingeniør 100% på VA og prosjekt. Innsparing merkantil stilling 30%. Reforhandle avtale på vintervedlikehald - reduserte kostnader.	Reduserte kulturmiljø til lag og organisasjonar. Færre tilsette vil gi eit redusert tilbod på kulturskule.
1	Teknisk drift	1,7	0,4			Redusere tal på service-oppdrag eller andre oppdrag som ikkje er akutt eller ein naturleg del av brann - det vil spare driftskostnader. Sette i gang tiltak som kan gi auka inntekt.	Ingen konsekvenser. I hovudsak gjennomfører Brann færre oppdrag som gir reduserte driftskostnader.
2	Brann og reining	0,8	0,2			Innsparing planmidlar	Færre midlar til å nytte til eksterne konsulentar
2	Planavdeling	0,2	0,3				
Delsum		7,1	2,3	1,2		10,5	
3	Sjukeheim				12,3	Redusere med 20 sjukeheimplassar. Tal sjukeheimplassar etter reduksjon i Lindås kommune: 74. Tal omsorgsbustad plus: 33.	Kan føre til periodar med overbelegg. Dekningsgrad er tilfredsstillande med ei god utbygd heimeeneste.
2	funksjonshemma			5		Betere samansetnad av brukargruppane. Reduksjon av kjøp av tenester.	Nokre brukarar må flytte til anna bustad/ bufellsskap
